

## **REFERAT FRÅ MØTE I FAU VED MARVIKSKULE**

Tid 6. september 2017 kl. 18.00

Til stades:

- 1.kl.: Liv Jorunn Øvrebø
- 2.kl.: Annette Hebnes
- 3.kl.: Morten Bakken
- 4.kl.: Sissel Vatland (vara)
- 5.kl.: Bjørg Karin Østebø (vara)
- 6.kl.: Nina Østebø
- 7.kl.: Helge Naustvik (vara)

Rektor. Anne Cremer

Møte starta med at FAU såg ein video som viste eksempel på FAU sitt arbeid og kor viktig FAU er for eit godt samarbeid mellom foreldre og skule. Videoen fortalte også om kva SU og SMU sine oppgåver er. Grei måte å få kjennskap til dei ulike organa på.

Gjennomgang av referat frå førra møte.

Saksliste godkjend.

### **Sak 1/17-18 Konstituering**

FAU:

Leiar: Nina Østebø (allereie vald ved sist FAU møte)

Nestleiar: Morten Bakken

Sekretær: Annette Hebnes

Val av medlemer til;

KFU:

Nina Østebø og Morten Bakken

SU/SMU:

Morten Bakken (medlem) og Liv Jorunn Øvrebø (vara)

Det var ikkje vald medlem nr. 2 + vara då halve fau vart representert ved vara. Fau vart einige om at leiar sender ut ein førespurnad på FB-gruppa for å få tak i dei siste personane.

### **2/17-18 Orientering frå rektor**

*Læringsmiljø og mobbing*

Klassane virker til å fungere bra i lag, og det er eit godt klassemiljø i dei ulike klassane.

*Lærarressursar og personale dette skuleåret*

Det blir tilsett ny rektor frå oktober. Det er Ingrid Schibevaag som skal over i stillinga etter Anne som går ut i permisjon.

Det er lyst ut stilling som kontaktlærar i 6.-7. klasse.

Søknadsfristen går ut 13. september. Det er ingen søkerar så langt.

### **Sak 3/17-18 FAU sitt mandat og arbeidsområde.**

#### **Vedtekter**

Leiar gjekk igjennom vedtekten i korte trekk og legg dei ut på Facebook-gruppa.

Vedtekten omhandler blant anna:

- Rektor behøv ikkje å vera med på møtene til FAU.
- Møtene er opne for alle foreldrene på skulen.
- Dersom taushetsplikta kjem inn, er møte lukka.
- Ein kan ta opp andre saker enn dei som står på saklista.
- FAU har taushetsplikt.

FAU ønskjer å arrangera;

#### **Sykkeldag**

FAU har ønske om å arrangere sykeldag på grendahuset i løpet av hausten ein ettermiddag, før det blir for mørkt ute.

Annette skal kontakte Trygg trafikk eller politiet, og høyre om dei har eit opplegg i forhold til dette.

#### **Karneval**

Dette skuleåret er det FAU som har ansvar for karneval på skulen.

Dette blir også i år, den veka 7.klasse er på leir i veke 8.

Karnevalet blir for alle i 1.-6.klasse. Meir planlegging kring dette etter nyttår.

#### **Sommaravslutning**

Det er ytra ønske frå foreldre om ein felles avslutning for elevar og foreldre. Lærerar er også velkommen dersom dei ynskjer det.

Mulig at FAU prøver å lage til eit opplegg på grendahuset med grilling og aktiviteter ein ettermiddag. Tar opp dette igjen på møte etter nyttår.

### **Sak 4/17-18 Storforeldremøte**

Skulane og barnehagane i Erfjord, Jelsa og Marvik inviterer til storforeldremøte i Erfjord, tysdag 12.09 kl. 19.00. På heimesida til Marvik skule står det meir info, samt ein link i forhold til tema som er "mobbing og vanskelig atferd".

FAU vil muligens invitera til storforeldremøte her i Marvik etter jul.

Tas opp igjen på neste møte.

### **Sak 5/17-18 Ymse**

#### **Årshjul**

- Internasjonal kveld 5.oktober. Støtta i år går til UNICEF.
- Juleavslutning tysdag den 19.desember kl.18.00.
- Neste FAU møte blir satt til ein onsdag i november kl.18.00.
- Første møte etter nyttår blir onsdag 7.februar kl.18.00.

#### **Ipad**

Utfordringar med lekser på Ipad i 4.-5-klasse. Tidkrevjande og tungvindt.

Klassekontakter tek kontakt med læraren og/eller tek det opp på klasseforeldremøte.

### *Skulemjølk og frukt*

Elevane fekk mjølka ei veke etter det dei hadde fått beskjed om og betalt

for. Kvifor er det slik? Annette skal sende brev til Tine om dette.

Skulefrukt er også ymse levering på, og kvaliteten er ikkje alltid like god.

### *Skulemiljø*

Nytt regelverk om skulemiljø psykososialt, som skal styrke elevane sine rettar. Meir info om dette på skulen si heimeside.

### *Barnehage-skule-oppvekstsenter*

Spørjeundersøking om oppvekstsenter på Ropeidhalvøya gjeld nå for alle foreldre som har barn i alderen 0-16 år. Denne er sendt på e-post til alle foreldrene. Dei som ikkje har fått den, kan ta kontakt med kommunen.

Husk å abonnere på Nyhendebrev på skulen si heimeside.

Møte slutt kl. 20.10

Referent Annette Hebnes